



NVE

Bakgrunn for vedtak

Planendring for Offerdal kraftverk

Årdal kommune i Vestland fylke



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Tiltakshaver	Offerdal kraftverk as
Referanse	202514643-29
Dato	11.03.2026
Ansvarlig	Oscar Østvold
Saksbehandler	Eilif Brodtkorb

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.



1. Samandrag

1.1 Kva søker Offerdal kraftverk as om?

Offerdal Kraftverk AS søker om endringar i konsesjon etter vassdragsreguleringslova og vassressurslova for Offerdal kraftverk, for å få ein teknisk, økonomisk og miljømessig optimalisert løysing. Endringane er i stor grad under bakken; endra plassering av overføringstunnel frå Ytre til Indre Offerdalselvi og endra stasjonsplassering for Indre Offerdalselvi kraftverk. Endringar i anlegg i dagen omfattar dam og inntak i Ytre Offerdalselvi, endra og flytta inntak i Indre Offerdalselvi, endra plassering av kraftstasjon for Øvre Offerdal kraftverk, ny deponiplassering, ny svingesjakt, og flytta plassering av tunnelopning for avløpstunnelen frå Nedre Offerdal kraftverk ut i fjorden.

Sygnir as har samstundes søkt om ein fornya og justert anleggskonsesjon for nettilknytninga frå Offerdal kraftverk og over Årdalsfjorden til Naddvik kraftstasjon.

1.2 Kva meiner høyringspartane om tiltaket?

Årdal kommune er positive til endringane og ser dei som tekniske forbetringar som reduserer landskapsinngrep, men ber om grundig kartlegging av nytt deponiområde og ønskjer at vegen gjennom Åsete blir lagt utanom gardstunet. **Statsforvaltaren i Vestland** vurderer endringane som omfattande, men ikkje i vesentleg konflikt med Sognefjorden marine verneområde. Dei krev auka avstand til elva for deponiet, varetaking av myr og påpeikar svakheiter i konsekvensutgreinga. **Vestland fylkeskommune** har ingen kjende konfliktar med kulturminne, men understrekar meldeplikt og behov for å ta omsyn til kulturlandskapet. Dei ønskjer at mildnande tiltak for deponiet ved Åsete blir gjorde bindande og at økologisk tilstand ikkje blir dårlegare. **Statnett** stadfestar reservert kapasitet i transmisjonsnettet og framhevar behovet for spolekapasitet, reaktiv analyse og teknisk avklaring før bestilling. **Statens vegvesen** har ingen merknader, medan **Kystverket** minner om at søknad om sjøleidning må behandlast etter hamne- og farvasslova.

Blant private partar uttrykkjer **Georg Huetinck** motstand mot flytting av dammen, som han meiner svekkjer flaumhandtering. **Hans Ragnar Skogli** er bekymra for natur og reiseliv, og fryktar tap av jakt- og turismeinntekter, støy og visuelle inngrep. Han foreslår tiltak som torvtak, skjerming, besøksvennlige løysingar og kopling til kulturhistorisk anlegg «Ne Fø Sjøen»

1.3 Kva gir NVE løyve til?

NVE gir Offerdal kraftverk AS løyve til planendring av Offerdal kraftverk, i tråd med søkte planar. Det inneber løyve til endringar i vassdragskonsesjonen og i anleggskonsesjonen til Offerdal kraftverk AS.

1.4 Kvifor gir NVE løyve?

Planendringa av Offerdal kraftverk inneber små endringar samanlikne med gjeldande løyve. Endringane vil føre til ei visuell betring for landskap, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv. Dette kjem i hovudsak av flytting av dam og inntak ved Skogli i Indre Offerdalselvi, og dessutan at konsesjonsgitt deponi på Skogli blir flytta til ny lokalitet ved Tolvmilsskogen på Åsete. Nokre mindre ulemper for vassmiljøet kan handterast gjennom detaljprosjektering og ved gjennomføringa.

NVE er av den oppfatning av dei negative konsekvensane kan avgrensast tilstrekkeleg gjennom avbøtande tiltak. Etter vår vurdering veg dei positive konsekvensane opp for dei negative. Planendringa vil gje eit betre prosjekt både miljømessig og økonomisk, og leggje til rette for ei



avgjersle om å realisere anlegget. Offerdal kraftverk vil gje ein samla produksjon på om lag 95 GWh/år, ny fornybar energi.



Innhold

BAKGRUNN FOR VEDTAK	1
1. SAMANDRAG	1
2. BAKGRUNN	4
3. SØKNAD	4
4. HØYRING.....	15
5. VURDERING AV KUNNSKAPSGRUNNLAGET	19
6. NVE SI VURDERING AV SØKNAD OM PLANENDRING	19
7. OPPSUMMERING	25
8. NVE SI VURDERING AV SØKNAD ETTER ENERGILOVA	26
9. MERKNADER TIL KONSESJONSVILKÅRA ETTER VASSDRAGSREGULERINGSLOVA	26



2. Bakgrunn

Offerdal kraftverk AS fekk ved kgl.res. av 10.02.2017 konsesjon til bygging av Øvre og Nedre Offerdal kraftverk. Anleggskonsesjon vart gjeve 09.04.2018. Delane av anleggskonsesjonen som omfattar nettilknytning frå Offerdal kraftverk, over Årdalsfjorden og til Naddvik koblingsstasjon blei overteken av Sygnir AS den 21.05.2021.

NVE har fått søknader frå Offerdal Kraftverk AS (01.08.2025) og Sygnir AS (18.07.2025) om endring av forutsetningane gjeve i vassdrags- og energikonsesjonane for Offerdal kraftverk. Endringane er naudsynte for å få til eit realiserbart prosjekt.

Søknaden frå Offerdal kraftverk AS gjeld løyve til planendring etter vassdragsreguleringslova § 3 og vassressurslova § 8, og etter energilova § 3-1. Ved kgl.res. av 10.02.2017 punkt 5 er det bestemt at «*planendringer kan godkjennes av departementet eller den departementet bemyndiger*». NVE fekk den 29.07.2025 fullmakt frå Energidepartementet til å behandle planendringssøknaden.

Søknaden frå Sygnir AS den 18.07.2025 gjeld løyve til planendring etter energilova § 3-1, og nytt løyve til ekspropriasjon etter oreigningslova § 2 nr. 19.

NVE har behandla desse søknadene samla, men fattar eige vedtak etter dei ulike lovverka. Vi synar til sak med NVE-ref. 202515816-4 for våre vurderingar knytt til Sygnir sin søknad.

I det fylgjande vurderast søknaden om planendring for Offerdal kraftverk AS.

3. Søknad

Offerdal kraftverk AS søker om følgjande endringar:

- Endre frå dykka inntak til tyrolerinntak i Ytre Offerdalselvi
- Endre påhugg og trase for tilløpstunnel og trykkørør til Øvre Offerdal kraftverk
- Flytte stasjonsplassering for Øvre Offerdal kraftverk om lag 200 m oppstraums
- Endre frå dykka inntak til tyrolerinntak, og å flytte inntaket frå kote 400 til kote 407 for Nedre Offerdal kraftverk
- Etablere svingesjakt ved Mastrahauggrovi
- Flytte utløp frå avløpstunnel for Nedre Offerdal kraftverk med 500 m mot Årdalstangen
- Flytte utandørs transformatoranlegg ved påhugg kraftstasjon inn i fjell
- Flytte deponi frå Skogli til Åsete
- I Nedre Offerdal kraftstasjon: to generatorar med yting 11 kV og omsetning 2x21 MVA og nødvendige høgspenningsanlegg.
- I transformatorstasjon i fjellhall i Nedre Offerdal: flytte transformator frå portalområde inn til kraftstasjonen, 132 kV jordingsspole og nødvendige høgspenningsanlegg.

Oversiktskart over endringane og den omsøkte løysinga er vist i høvesvis figur 1 og 2.



3.1 Plassering og eksisterende forhold

Offerdal kraftverk (som omfattar eit Øvre Offerdal kraftverk og Nedre Offerdal kraftverk) er planlagt i Ytre- og Indre Offerdalselvi (vassdragsnr. 074.5A) som ligg i Årdal kommune, ca. 10 km frå Årdalstangen i Sogn og Fjordane fylke. Vassdraga drenerer frå nord mot sør, og har nedslagsfelt på høvesvis 42 km² og 61 km² ved utløpet i Årdalsfjorden. Området som blir omfatta av det planlagde utbyggingstiltaket, strekk seg frå inntaket i Ytre Offerdal og inntak/kraftstasjon i Indre Offerdal og ned til Årdalsfjorden.

3.2 Hovuddata

Tabell 1. Hovuddata for Offerdal kraftverk med konsesjonsgjeve alternativ og planendingane. Verdiar for planending er berre oppgjeve der det er søkt om endring. Tabell 1.2 frå søknaden

		I konsesjon	I konsesjon	Planending	Planending	Kommentar
		Øvre Offerdal	Nedre Offerdal	Øvre Offerdal	Nedre Offerdal	
KRAFTVERK						
Inntak	moh. (NN2000)	801,2	400		407	
Utløpspunkt	moh.	402,0	2	409		Turbinsenter, fjorden
Utløpsvannvei, lengde	m		356		437	
Lengde på berørt(e) elvestrekning(er)	m	4790	3400		3630	
Brutto fallhøyde	m	399,2	398	392,2	405	
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,942	0,938			
Slukeevne, maks	m ³ /s	2,8	10,3			Ingen endring av slukeevne, men justert plassering av inntak gir noe større MW enn tidligere. Nå 2x18,5MW
Slukeevne, min	m ³ /s	0.11	0.31			
Driftsvannvei, diameter/tverrsnitt	m/ m ²	20	20	magasintunn el 30m ² / trykktunnel 16m ² / trykkrør Ø1,0m i tunnel/nedgr avd	magasintunn el 30m ² / fjellsjakt Ø2,5	
Driftsvannvei, lengde	m	2650	2820	2730	2590	
Overføringsvannvei, lengde	m		2650		2730	Fra Øvre- til Nedre Offerdal Kraftverk
Installert effekt, maks	MW	9,5	35,1		37	
Brukstid	timer	2415	2152	2500		

Nedbørsfelt, tilsig, minstevannføring og restvannføring er uendret. *Endringer i tilsig som følger nyere tilsigserier er ikke vurdert.*




3.3 Teknisk plan

Offerdal kraftverk as beskriv følgende endringer i planendringssøknaden:

«1.6.1 Fra dykket inntak til tyrolerinntak i Ytre Offerdalselvi



Figur 1-6. Illustrasjon av Konesjongsitt platedam i betong, der lukehuset indikerer anleggets størrelse.



Figur 1-7. Utsnitt fra modell som viser tiltenkt utforming av inntakskonstruksjonen i Ytre Ofredal.

Teknisk beskrivelse

Betongplatedam med høyde 10 m erstattes av et tyrolerinntak med høyde ca. 4 m, lengden blir relativt uendret.

Begrunnelse

Tyrolerinntak er lettere å drifte enn konvensjonelle inntak, veiløst på høyfjellet. Omfanget av konstruksjoner reduseres, herunder bruk av betong og armering. Endringen vil også redusere arealinngrepene.

Følger

Det følger ingen øvrige tiltak med endringen. Påvirkningen vil være utelukka positiv. Tiltaket er derfor ikke nærmere vurdert i denne søknaden.



1.6.2 Endret påhugg og trase for tilløpstunnel og trykkrør til Øvre Offerdal kraftverk



Figur 1-8. Område for påhugg for tilkomstunnel med nødvendig adkomst samt trykkrør videre til kraftstasjon er vist for konsesjonsgitt løsning øverst og planendring nederst. For omsøkt planendring vil adkomst ligge i skogen til venstre i nedre bilde.

Teknisk beskrivelse

Med endra retning på tunell fra Ytre Ofredal følger ny trase for rørgate over jordbruksområdet på Skogli. Strekket har omtrentlig samme lengde som tidligere trase, men krysser innmarka i ny trase. Traseen vil ikke være synlig etter istandsetting og revegetering. Ny trase for veg fram til påhugget vil bli ca. 400m lengre for ny løsning, beliggende hovedsakelig i skog.

Begrunnelse

Endringene følger med endra kraftverks plassering for Øvre Offerdal kraftstasjon.

Følger

Inngrepene vil ligge mer skjermet til i forhold til bebyggelse. Øvre og Nedre Offerdal



1.6.3 Flyttet stasjonsplassering Øvre Offerdal kraftverk, om lag 200m oppstrøms



Figur 1-9. Visualiseringen viser konsesjonsgitt plassering av inntaksdam med HRV på kote 400. Inntak og dagbygg for Øvre Offerdal kraftstasjon ligger til venstre for dammen, mens adkomsttunnel til kraftstasjon og videre overføringstunnel er vist til høyre for dam og vei.



Figur 1-10. Modellbildene viser planlagt tyrolerinntak med tilliggende kraftstasjon ved Skogli. Ny bru over Indre Offerdalselvi synes best i utsnittet nederst, sett i fugleperspektiv fra sørvest, der ein ser over skogen.

Teknisk beskrivelse

Kraftstasjonen er som før, kun flyttet.

Begrunnelse

Kraftstasjonen etableres i tilknytning til inntakskonstruksjonen.


Følger

Flyttingen medfører behov for ny adkomst, med lengde ca. 250, til kraftstasjonen. Dette inkluderer ny bru over Indre Offerdalselvi, se Figur 1-5 og Figur 1-10. I tillegg vil det bli etablert en midlertidig vei med lengde ca. 100m fra påhugg inntak til eksisterende gårdsveg, til bruk for massetransport.



Grunneier har søkt om og Årdal kommune har godkjent et mindre deponi for lagring av steinmasser (ca. 800 m³).

1.6.4 Fra dykket inntak til tyrolerinntak på kote 407 for Nedre Offerdal kraftverk



Figur 1-11. Oppriss fra modell som viser tiltenkt utforming av inntakskonstruksjonen i Ytre Ofredal. Teknisk beskrivelse

Konsesjonsgitt inntak med dam på kote 400 erstattes med et tyrolerinntak ca. 200 m oppstrøms i høyere opp i Indre Ofredalselva på kote 407. Platedam i betong med høyde ca. 10 m erstattes av et tyrolerinntak med høyde ca. 4 m, lengden blir relativt uendret.

Begrunnelse

Berget langs elva ved Skogli er vurdert å være bedre egnet for bygging av inntakskonstruksjon ca. 200 m oppstrøms konsesjonsgitt plassering av dam. Tyrolerinntak er lettere å drifte enn konsesjonelle inntak.

Følger

Omfanget av konstruksjoner reduseres, herunder bruk av betong og armering. Endringen vil også redusere arealinngrepene. Med endringen vil magasin oppstrøms dam bli betydelig redusert, Offerdal kraftverk AS vil som følge søke om en revurdering av damklasse, fra konsekvensklasse 1 til konsekvensklasse 0. Endringen vil medføre et redusert fysisk anlegg i vassdraget. Samtidig vil strekning med minstevannføring øke med ca. 100 m. Kraftstasjonsbygningen for Øvre Offerdal kraftverk vil måtte flyttes noe som følge av flyttet inntak.

1.6.5 Svingsjakt ved Mastrehauggrovi



Figur 1-12. Område for påhugg Svingsjakt er vist til venstre. I tillegg til å ligge i en forsenking er skogen relativt tett og eksponering vil være svært lokal. Bilde i midten og til høyre viser eksisterende skogsbilveg, som stedvis er noe gjengrodd.

Teknisk beskrivelse



Svingesjakt ved Mastrehauggrovi vil bli drevet innenfra. Det vil være behov for en oppgradering av eksisterende skogsbilveg over et strekk på ca. 600m for å komme til å rydde ved påhugget.

Begrunnelse

Svingesjakt ved Mastrehauggrovi er nødvendig pga. vannveisdynamikk.

Følger

Det blir ingen vesentlige følger.

1.6.6 Utløp fra avløpstunnel for Nedre Offerdal kraftverk flyttet 500 m mot Årdalstangen

Teknisk beskrivelse

Avløpstunnelen får ei endra linje med utløp ca. 500 m lengre inne i Årdalsfjorden.

Begrunnelse

Endringen følger av endra plassering av Nedre Offerdal kraftverk inne i fjellet. Dette har sin bakgrunn i bergspenningsforhold, der det er viktig med tilstrekkelig overdekning for å unngå hydraulisk splitting fra trykktunnelen. Det ønskes å beholde en direkte linje på utløpstunnelen fra kraftstasjon til sjøen, slik at ikke tunnelen blir lenger enn nødvendig. Med endra plasseringen av kraftstasjon endres retning på utløpstunnelen og plassering av punkt for utløp ved fjorden. Selv om utløpstunnelen blir lenger enn for konsesjonsgitt løsning, blir den kortere enn om man beholder dagens plassering for utløp med den nye plasseringen av kraftstasjonen. Endringen vil også medføre at lengde på sjøkabel blir redusert.

Følger

Kystlinja er relativt ensarta på dette strekket, og endringen vil ha ubetydelig virkning på miljøtemaene



Figur 1-13. Fjellsida langs nordsida av Årdalsfjorden, der tidligere utløp fra avløpstunnel er markert til venstre og ny plassering er markert til høyre.

1.6.7 Nisje med transformatoranlegg ved påhugg kraftstasjon flyttes inn i fjell

Teknisk beskrivelse

Nisje utgår.

Begrunnelse



Tiltaket er en optimalisert teknisk løsning som samtidig er kostnadsbesparende. Dette ble ytterligere forsterket ved at kraftstasjonen ble flyttet lengre inn i fjellet.

Følger

Det følger ingen øvrige tiltak med endringen. Påvirkningen vil være utelukka positiv i form av en reduksjon av konstruksjonenes omfang og følgelig en begrensning av inngrepene. Tiltaket er derfor ikke nærmere vurdert i denne søknaden.


1.6.8 Flytte deponi fra Skogli til Åsete



Figur 1-14: Illustrasjon av massedeponi vis a vis Skogli er tiltenkt tilbakeføring til skogbruksareal.



Figur 1-15. Bildene over viser at det utstrakte flate området ved Åsete har god kapasitet i forhold til omdisponering av masser



Figur 1-16: Et raskt innledende deponistudie viser at arealet ved Tolvmilsskogen har mer enn tilstrekkelig kapasitet til å omdisponere de tiltenkte massene med god terrengtilpassing. Løsningen viser at et areal på 60.000 m² kan romme 400.000 m³»

Teknisk beskrivelse

Deponi ved Skogli utgår. Masser fra tunneldriving omdisponeres til Åsete i Indre Ofredal. Tiltaket har ikke massetak ut over tunnelene som skal drives. Behov for knuste masser vil dekkes fra utdrivne masser.

Konsesjonsgitt deponi ved Skogli utgår om massene kan omdisponeres til heving av areal med planlagt bruksendring fra skogbruk til jordbruk ved Åsete.

Den reviderte utbyggingsløsningen innebærer totalt ca. 187 000 fm³ (fastkubikkmeter) uttatte masser, som i utgangspunktet vil fordeles slik til deponi:

- Fra tunnel Ytre Ofredal til deponi Åsete i Indre Ofredal: 51000 fm³ tilsvarende ca. 80 000 m³ anbrakte masser.
- Fra tunnel Indre Ofredal til deponi Åsete i Indre Ofredal: 75000 fm³ tilsvarende ca. 120 000 m³ anbrakte masser.
- Fra tunnel/stasjon Indre Ofredal til tipp i Årdalsfjorden: 61000 fm³ tilsvarende ca. 100 000 m³ anbrakte masser. Dette er en reduksjon på ca 50.000 m³ anbrakte masser fra tidligere godkjenning fra Statsforvalter.

Totalt inntil 126 000 fm³ til deponi Åsete i Indre Ofredal, som anbrakte masser utvidet med en koeffisient på 1.6 tilsvarer dette ca. 200 000 m³. Et nytt deponi ved Åsete har en beregnet kapasitet på inntil 400 000 m³ anbrakte masser over 60 dekar, med buffer til elva på 15m. Etter nærmere detaljprosjektering vil endelig utforming av tippen med tanke på arealbruk og utforming framgå i detaljplan. Deponiet vil da legges med en minimumsavstand på 25m fra elvekanten, for å ivareta krav som følger med nærliggende flommarkskog.

Begrunnelse

Grunneier ved Åsete ønsker å heve og dyrke opp et areal ved Tolvmilsskogen. Samtidig er konsesjonsgitt deponi på Skogli mer utfordrende med hensyn til nabointeresser (turistnæring).

Følger



Med endringen vil tidligere planlagt deponi ved Skogli da utgå. Konesjonsgitt deponi vil vært eksponert fra flere gårder, mellom annet Skogli og Fornabu.

Nytt areal er bedre egnet med hensyn til terreng og ligger mindre eksponert til.

Eksisterende veg vil få økt bruk over et strekk på ca. 2km, mellom Skogli og Åsete.»

Oppsummering av verknadane

Verknadene av endringane for dei ulike fagtema og samla sett er samanlikna med konsesjonsgjeve plan og vist i tabellen under (kjelde: konsekvensutgreiing Multiconsult).

Tabell 3-1. Sammenstilling av konsekvens for alle fagtema for konsesjonsgitt plan og plan med omsøkte endringer. Under utarbeidelse av konsekvensutredning for konsesjonsgitte planer var det lov å ha glidende overganger mellom konsekvensklasse, dette er ikke lengre situasjonen. Fargesetting følger i slike tilfeller den største konsekvensgraden.

Vurderinger av konsekvens	Alternativ	
	0-alternativet / Konesjonsgitt plan	Plan med omsøkte endringer
Naturmangfold (terrestrisk)	Noe til middels negativ konsekvens	Middels negativ konsekvens
Naturmangfold (akvatisk)	Ingen til noe negativ konsekvens	Ingen til noe negativ konsekvens
Marint	Ingen til noe negativ konsekvens	Ingen til noe negativ konsekvens
Friluftsliv (inkludert Reiseliv)	Ingen til noe negativ konsekvens	Ubetydelig konsekvens
Landskap	Noe til middels negativ konsekvens	Noe negativ konsekvens
Kulturmiljø	Noe til middels negativ konsekvens	Noe negativ konsekvens
Støy- og luftforurensning	Noe til middels negativ konsekvens	Middels negativ konsekvens
Villrein	Noe negativ konsekvens	Noe negativ konsekvens
Klimagassutslipp	Ikke utredet	Antas å være uendret
Grunnforurensning	Ikke utredet	Antas å være uendret
Samlet konsekvens	Noe til middels negativ konsekvens	Noe negativ konsekvens
Rangering	2	1
Begrunnelse for rangering		Det er de visuelle endringene som følger med omsøkte planendringer som gir betydelig endra påvirkning. Dette gjelder for fagtema landskap, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv.

Virkningene av de planlagte endringene er oppsummert slik i søknaden:

«Den justerte utbyggingsløsningen medfører små endringer for de ulike miljøtemaene. For tema landskap, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv, som berøres av de visuelle aspektene, vil endringene medføre en forbedring. Dette skyldes i hovedsak flytting av dam og inntak ved Skogli i Indre Offerdalselvi, samt ny lokasjon for omdisponering av masser ved Tolvmilsskogen på Åsete, som gjør at konsesjonsgitt deponi på Skogli utgår.

For tema vannmiljø er det noen mindre ulemper, som kan håndteres gjennom detaljprosjektering og gjennomføring.»



4. Høyring

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det er behov for kunngjering og brei offentleg høyring. Søknad om planendring og ekspropriasjon har vore send på høyring til alle partar som gav uttale til den opphavlege konsesjonssøknaden. Høyringsfråsegnene har vore presenterte for søkjaren for kommentarar.

Der høyringspart ikkje sjølv har inkludert oppsummering av uttala si, har NVE oppsummert fråsegna. Alle høyringsfråsegna ligg tilgjengeleg i si heilheit på saka si nettside:

www.nve.no/9716/v

Høyringsinnspel som er knytt til dei elektriske anlegga vert vurderte i ei eige sak for endringane i nettløysinga, jf. NVE-sak 202515816.

NVE har fått følgjande utsegn til planendringssøknaden:

Årdal kommune uttalte i brev av 18.09.2025 at dei er positive til søkte planendring og dei har ingen merknader til dei tekniske endringane. Kommunen tilrår at det aktuelle nye området for massedeponiet, vert grundig kartlagt i tråd med naturmangfaldlova og gjeldande metodikk for konsekvensutgreiingar. Kommunen ynskjer at vegen som i dag gjeng gjennom gardstunet på Åsete vert lagd utanom garden som ein del av utbetningsarbeidet. Dei finn det positivt at fleire av endringane inneber tekniske forbetring, redusert inngrep i overflatelandskap, og dessutan betre løysingar for plassering av anlegg.

Statsforvaltaren i Vestland oppsummerar høyringsuttala si i brev av 19.09.2025:

«Planendringa er omfattande og vil endre lokaliseringar av både inntak, kraftstasjonar, tunnelpåhogg, deponiareal og sjøkabelanlegget. Flytting av kraftstasjonsavløpet bort frå Indre Offerdalselvi til eit kunstig utløp i fjorden, vil endre påverknaden på marint naturmiljø. Vi vurderer likevel ikkje endringane til å vere så omfattande i høve til dei konsesjonsgitte tiltaka at det vil føre til vesentleg auka konflikt med planlagt Sognefjorden marine verneområde. For deponiet på Åsete meiner vi avstanden til elva må aukast, og myr må ivaretaast i tråd med gjeldande krav. Vi legg til grunn at føreslåtte avbøtande tiltak blir følgde opp. Konsekvensutgreiinga er berre oppsummert i søknaden, og utan detaljgrunnlag som kan kontrollerast. Dette er ein svakheit som gjer det vanskeleg å vurdere søknaden.»

Vestland fylkeskommune oppsummerte høyringsuttala si i brev av 22.09.2025:

«Vi har ikkje kjennskap til at endringane kjem i konflikt med automatisk freda eller andre verneverdige kulturminne. Potensialet for funn vert rekna som lågt, men tiltakshavar er gjort merksam på meldeplikta. Det vert oppmoda om å ta omsyn til kulturlandskapet og unngå skade på synlege kulturminne som steingardar, tufter og eldre vegar. Vassmiljø Vi har ikkje avgjerande merknader knytt til vassmiljøet, men vi rår til at avbøtande tiltak skisserte i søknaden, særleg knytt til det nye deponiet ved Åsete, vert gjort til bindande vilkår i konsesjonen. Vi understrekar at tiltaka ikkje må føre til forringing av økologisk tilstand i påverka vassførekomstar.»

Statnett uttalte i brev i brev av 19.09.2025 at Offerdal kraftverk har fått reservere kapasitet i Transmisjonsnettet. Statnett påpeikar vidare at det er viktig at det er tilgjengeleg spolekapasitet 132 kV-nettet der kabelen er tenkt tilknytt. Det bør leggjast til rette for at kabelen er planlagd for ein evt. endring av systemjording i nær framtid. Det bør også gjerast ein reaktiv analyse når det blir



planlagt å byggje ein lengre kabel. Statnett påpeikar ansvaret til konsesjonæren for å avklare anleggas funksjonalitetsegenskaper før anlegga blir sette i bestilling.

Statens vegvesen uttalte i brev av 13.08.2025 at dei ikkje har nokon merknader til endringane.

Kystverket uttalar i brev av 18.08.2025 m.a følgjande:

«(...) Kystverket syner til Endringssøknad tilknytning Offerdal kraftverk, dykkar referanse 201503528-122, og vårt svar den 5.1.2018 (vedlagt, vår referanse 2012/859-8). Omsøkt sjøleidning frå Offerdal til Klovning kryssar hovudlei «Holmengrå- Årdalstangen» med farleinummer 1110. Det er Kystverket som skal handsame søknad om tiltaket etter havne- og farvannslova §14 om tiltak i hovud- og bilei. Søknaden sendes til Kystverket.»

Georg Huetinck uttalte i brev 18.09.2025 at han er imot å endre plasseringa av dammen i Indre Offerdalselvi slik det no er planlagt. Han meiner at det vil kunne medføre ulemper for Hagane gard. Den opprinnelege plasseringa av dammen er den beste for å handtere flaumepisodar i dalen.

Hans Ragnar Skogli uttalte i brev 19.09.2025 bekymringar for natur og reiseliv. Utbygginga truar jakt- og turismeinntekter som er viktige for økonomien i garden. Naturen og stilla er sentrale for opplevinga som blir tilboden turistar og jegerar. Planlagd utbygging blir vurdert som «ubetydeleg» i Multiconsult-rapporten, noko han sterkt avviser.

Han meiner støy frå sprenging og maskiner, synlege betongkonstruksjonar, og brakkerigg vil forringe området. Ofredalen er eit populært turområde og synlege inngrep vil redusere opplevingsverdien. Han fryktar at hjortebestanden forsvinn, noko som vil øydeleggje jaktutleige.

Han ber om følgjande tiltak for å redusere negative verknader:

- Minimere synlege endringar i landskapet (torvtak, treverk, nedfelling i terreng).
- Avgrense ferdsel og aktivitet for å verne hjortebestanden.
- Skape besøksvennlege konstruksjonar med moglegheit for omvising og læring.
- Knytte prosjektet til kulturhistorisk anlegg «Ne Fø Sjøen» for heilskapleg konsept og reiselivssynergi.

Sognekraft (eigar av Offerdal kraftverk) kommenterte dei innkommande fråsegna i brev til NVE den 6.10.2025. Eit utdrag av kommentarane til ulike tema er gjeve att nedanfor. Alle kommentarane ligg tilgjengeleg på saka si nettside.

Massedeponi

(...)

Multiconsult gjorde ei kartlegging av naturmangfaldet i det planlagde deponiområde ved Åsete i slutten av mai 2025, utan at vesentlege funn var gjort, og at området i stor grad er snauhagd eller oppdyrka (sjå biletet under). Potensialet for ytterlegare funn av raudlista eller andre interessante artar er difor svært lite, og vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med nye undersøkingar i det aktuelle området.

(...)

Når det gjeld det planlagde massedeponiet på Åsete, så vil vi vil i samband med detaljprosjekteringa av deponiet prøve å oppnå størst mogeleg avstand til elva. Samtidig er



det eit ønskje om at arealet vert opparbeidd til framtidig landbruksareal, mest mogeleg i samsvar med landbruksfaglege utformingar av steindeponi for slik bruk.

Flytting av dam og flomfare (Hagane gard)

«Til dette vil vi påpeike at berekningar som er gjort for den nye damlokasjonen viser at ved dimensjonarende flaum (93 m³/s i Indre Offerdalselva og 65 m³/s i Ytre Offerdalselva) vil ikkje inntakskonstruksjonen/dammen demme lenger opp enn til øvre del av dyrkamarka på Skogli gard, dvs. omlag 240 - 250 m nedstraums og 10 - 12 høgdemetere lågare enn elva under brua ved Hagane gard. Sjølv om tre/vegetasjon kilar seg fast og fører til noko tilstopping av dammen, vil ikkje utbygginga på nokon måte kunne påverke brua eller jordbruksarealet oppe på Hagane. Til det er avstand og høgdeforskjellen for stor. Dei faglege vurderingane som ligg til grunn for flytta inntaksplassering er etter Sognekraft sitt syn godt belyst i planendringssøknaden, og vi kan difor ikkje sjå at det er grunn til å vektlegge argumenta i denne høyringsfråsegna i den vidare handsaminga av planendringssøknaden.»

Vei gjennom tunet på Åsete

«(...) viktig å påpeike at det er Årdal kommune som er eigar av vegen i Offerdalen. Det er planar om utbetring/lokal utviding av vegen forbi fjøsen i gardstunet. I tillegg er det planar om oppgradering av andre delar av den kommunale vegen, for å kunne gjennomføre ei utbygging. Ei eventuell omlegging av vegen utanom gardstunet på Åsete er imidlertid, etter Offerdal Kraftverk sitt syn, eit naturleg tiltak i kommunal regi og ikkje ein naturleg del av ei kraftutbygginga. Om ynskjeleg kan det leggest til rette for å nytta tunnelmassar frå utbygginga til eit slikt tiltak.»

Om nettkobling og kapasitet

«Prosjektet har god dialog med Statnett/Hydro/Linja AS og Østfold Energi om spolekapasitet på 132-kV nettet, men mål om å ivareta dette i samråd med dei andre aktørane. Vi vil òg sørge for å få utarbeidd ein reaktiv analyse for det nye kabelalternativet, og elles sørge for at Statnett sine tilrådingar vert følgt opp i samband med detaljprosjekteringa og bygginga av nettanlegget.»

Om sjøkabel

«Sognekraft er klar over at sjøkabelen kryssar den aktuelle hovedleia, og at tiltaket er søknadspliktig etter hamne- og farvasslova, og vil sørge for at søknaden blir oversendt til Kystverket så fort detaljplanen for anlegget er klar og i god tid før anleggsarbeidet startar opp. Når det gjeld Kystverket sitt ønske om parallellføring med eksisterande sjøkabel, vil vi påpeike at vi i planendringssøknaden har gått vekk frå denne løysinga som følgje av at den inneber ein vesentleg lenger sjøkabel og ein mykje høgare utbyggingskostnaden. I tillegg vil ein kortare sjøkabel naturleg nok vil innebere mindre konsekvensar for det marine miljøet. Vi kan difor ikkje imøtekome denne tilrådinga, og ber òg NVE om å gjere det same.»

Flytting av kraftstasjonsavløp

«(...)

Det verkar til å vere ei misforståing hjå Statsforvaltaren om at vatnet skulle sleppast ut att i elva på kote 2. I konsesjonssøknaden datert 24.01. 2012 er avløpet beskrive slik: «Avløp fra kraftstasjonen vil skje gjennom en ca. 300 m lang avløpstunnel som leder vannet ut i



Årdalsfjorden om lag 500 m øst for Indre Offerdalselvis naturlige utløp». Det er dette avløpet som no er flytta noko lenger inn fjorden, jf. kartet til høgre (som er henta frå konsesjonssøknaden). Denne misforståinga gjer at ein del av dei vidare argumenta i høyringsfråsegna (salinitet i fjorden m.m.) ikkje lenger har noko særleg relevans»

Omsyn til kulturlandskap

«(...)

Dette er gode og konstruktive innspel, og vi vil sørge for at desse omsyna/tiltaka vert innarbeidd i den endelege detaljplanen for anlegget.»

Oppdyrking av myr

«(...)

Når det gjeld det som Statsforvaltaren skriv om forbod mot oppdyrking av myr, vil vi påpeika at kartlegginga som vart gjennomført av Multiconsult i mai 2025 viste at jorda i øvre del av deponiet er blaut med ein del torvmosar, og med ei djupne på ca. 20 cm. Det aktuelle arealet er med andre ord ikkje klassifisert som myr.»

Garden Fornabu – om brakkerigg og andre virkningar

«Det er planar om å plassere bustadriggen for prosjektet på Årdalstangen. Det vil difor bli ein vesentleg mindre brakkerigg/kontorrigg i området ved Skogli, enn det som var planlagt ved opprinneleg konsesjon. Naudsynt riggområde ved Skogli med tilhøyrande brakkerigg og verkstadtelt er difor redusert i høve opprinnelege planar, bl.a. basert på innspelte ønskje frå naboen på Fornabu. Det er likevel naudsynt med eit visst omfang av slike riggområde, for å gjennomføra ei kraftutbygging. Riggområda vil bli planlagt i detalj i samband med handsaminga av detaljplan for miljø og landskap. Vidare ønskjer vi å påpeike at vi som tiltakshavar òg har ambisjonar om å få til ei utbygging som gjev minst mogleg negativ påverknad på landskapet i dalføret. Dette inneber at både utforming og arrondering av kraftstasjon/dam, anleggsveggar og massedeponi har fått stort fokus i samband med utarbeiding av detaljplanen for miljø og landskap. Kraftstasjon er tenkt plassert med ei stor grad av skjerming inn i terrenget. Ved hensiktsmessig terrengforming og supplering av vegetasjonsbeltet langs elva vil eksponering frå kraftstasjonen ytterlegare begrensa. Bygget kan òg utførast med trekledning utvendig dersom grunneigar og naboar meiner at dette er den beste løysinga. Vi er med andre ord opptekne av at kraftstasjonen skal utformast i tråd med lokal byggeskikk, og at både kraftstasjon/dam og deponi i størst mogleg grad skal «gli inn i» kulturlandskapet i dalen. Når det gjeld påverknaden på hjort, så er vår erfaring frå tidlegare større kraftutbyggingar (Leikanger kraftverk og Feios kraftverk) at hjorten i liten grad vert påverka av ei utbygging. Hjorten på Vestlandet er svært tilpassingsdyktig og venner seg raskt til anleggsaktivitet. I Grindsdalen vart det skote hjort tett opp til massedeponia som vart etablert der i byggeperioden for Leikanger kraftverk. Det er òg berre ein kort periode med dagsprenging av fjell. Etter kvart som tunneldrivinga fortset innover i fjellet vil sprengingsarbeidet bli stadig mindre merkbar. Det føreligg ingen planar om å knyte anlegget «Ne fø sjøen» saman med kraftverksbygginga, slik det vert føreslege her. Tvert imot er det fokus på å trekke kraftverket med tilhøyrande utomhusanlegg vekk frå synslinja til anlegget «Ne fø sjøen», slik at påverknaden på dette kulturmiljøet blir minst mogleg.»



5. Vurdering av kunnskapsgrunnlaget

Konsekvensutgreiing (KU) for Offerdal kraftverk blei utarbeida i forbindelse med konsesjonssøknaden frå 24.1.2012, og har tidlegare vore på høyring. Vurderingane i planendringssøknaden er basert på ei tilleggsutgreiing utarbeida av Multiconsult til konsesjonssøknaden i 2025. Områder som vil bli råka av endringane er synfart og verknader for miljø og samfunn er vurdert. Metodikken til Miljødirektoratets handbok for konsekvensutgreiingar av klima og miljø (M-1941) er nytta.

Kunnskapsgrunnlaget er fagrapportar frå KU-en i 2012, nye vurderingar og registreringar i felt, oppdaterte databasar, samt informasjon frå høyringsfråsegna, og dessutan NVE sine egne erfaringar. Vi har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 6.1.2026. NVE meiner dette dannar eit kunnskapsgrunnlag som er godt nok til å kunne ta stilling til endringane. Eventuelle nye utreiingar vil etter NVE si vurdering ikkje vere avgjerande for vår slutning i saka. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget i saka er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

6. NVE si vurdering av søknad om planendring

I dette kapittelet gjer vi ei vurdering av omsøkte endringar, verknadene av dei og om endringane kan tillatast. Vår vurdering omfattar hovudsakeleg dei endringane som kan føre med seg verknader for allmenne interesser, naturmiljø og areal. For andre vurderingar synar vi til vår innstilling i saka datert 29.04.2016 og til Kgl. res. 10.02.2017.

Endringane som er planlagt er gjort rede for i kap. 3. I det følgjande gjer vi vurderingar av desse, og dei viktigaste endringane etter vårt syn vurderast fyrst.

6.1 Flytte deponi frå Skogli til Åsete

Det konsesjonsgitte deponiet på Skogli er planlagt flytta til Tolvmilsskogen på Åsete. Det er tale om totalt ca. 200.000 m³ med tunnelmassar.

I følge konsekvensutgreiinga vil dette vere ei betre løysning enn den konsesjonsgjevne da visuell påverknad for landskapet blir redusert. Tema landskap og friluftsliv vil få ei positiv endring som følgje av at deponi ved Skogli flyttast.

Elva kan bli negativt påverka av avrenning frå eit deponi på Åsete, men påverkingane vil antakeleg vere mellombels og minke over tid. Tidlegare registrert flaumskogmark (omfattar fem mindre areal) ligg utanfor planområdet ved Åsete og vil såleis ikkje verte råka.

Å endre plassering av deponi vil omfatte to kulturmiljø, høvesvis Skogli – Haugane - Fornabu, og Åsete. Flytting av deponi vil vere positivt for Fornabu og ubetydeleg for Åsete.

Enkelte høyringsparter har kravd at eit deponi på Åsete må flyttast lengre frå elva enn det som er planlagd. Kommunen har kravd nye registreringar av naturmangfald av området for deponiet.

NVE er samd i at ei flytting av deponiet frå Skogli til Åsete vil redusere den landskapsmessige påverknaden og såleis vere ei forbetring. Av erfaring vil dei visuelle verknadene minke over tid når deponi og sår etter anleggsverksemda revegeterast. NVE registrerer at det er eit sterkt ynskje frå grunneigar å gjere massedeponiet på Åsete om til jordbruksareal. Dette temaet er nærare diskutert under kap. 6.11. Anna forhold.



NVE synar til at tiltakshavar vil prøve å oppnå størst mogeleg avstand til elva. I søknaden er deponiet planlagt med ein minimumsavstand på 25 meter frå elvekanten.

Det vart gjennomført undersøkingar av naturmangfald i deponiområdet på Åsete i mai 2025. NVE støttar tiltakshavar i at det difor ikkje er naudsynt med ytterlegare vurderingar av naturmangfald. Vi viser til vår vurdering av kunnskapsgrunnlaget, jf. Kap 5.

NVE legg til grunn at tiltakshavar vil søke å ivareta kulturmiljøet i Offerdalen og vi registrerer at dei mellom anna er opptekne av at både kraftstasjon/dam og deponi i størst mogleg grad skal «gli inn i» kulturlandskapet i dalen. Ein del av dei negative verknadene av dei planlagde inngrepa kan reduserast gjennom mildnande tiltak og god detaljplanlegging som tek særskilt omsyn til dei verdiane som er registrerte.

I ein detaljplan vil vi stille krav til korleis avrenninga frå massedeponia skal handterast for å forhindre forureining i Indre Offerdalselvi. Forslag til avbøtande tiltak for å handtere avrenning frå deponi er skissert i søknaden:

- Direkte avrenning til vassdrag må begrensast mest mogleg, eksempelvis ved å leige avrenning frå deponi til sedimenteringsbasseng før utslepp til elva.
- Kantsona bør varetakast mest mogleg, både då henne har ein viktig økologisk funksjon, men også fordi deponering i kantsona vil innebære at massane blir liggjande i flaumsona, og dermed vil vere utsett for erosjon og avrenning.

NVE ser det som ein fordel om overskotsmassar frå tunneldrift kan utnyttast til lokale formål framfor permanent deponering. Det må i så fall allereie under detaljplanlegginga leggjast til grunn uttak av massar, til dømes for ei eventuell omlegging av veg utanom tunet på Åsete. Det må vidare gjerast greie for når og korleis uttak og ev. mellomlagring av massar skal gå føre seg til minst mogleg ulempe for landskap og miljø.

Vi synar til post 10 i vilkåra om forureining og post 7 om utarbeiding av detaljplan, og merknader under til desse postane.

6.2 Endre frå dykka inntak til tyrolarinntak

Ei endring av inntaka for både Øvre- og Nedre Offerdal kraftverk, frå dykka inntak til tyrolarinntak, vil redusere høgda på inntaksdammane med om lag 6 meter. Lengda blir tilnærma uforandra.

Tyrolarinntak kan suge luft og føre til gassovermetting i vatnet. Gassovermetting kan i visse høve medføre skadar på fisk og botndyr. Ifølgje konsekvensutgreiinga vil det i dette tilfellet ikkje ha nokon negativ effekt på Indre Offerdalselva, da utløp for det nederste kraftverket er i sjø. Øvre Offerdal kraftverk har utløp direkte i inntakskanalen til nedre Offerdal kraftverk. Det er rimeleg å rekne med at mesteparten av dette vatnet vil takast inn på tilløpstunnelen til nedre Offerdal kraftverk. Ev. gassovermetta vatn som sleppast forbi Nedre Offerdalselvi (minstevassføringa) vil derfor vere avgrensa.

NVE meiner det er positivt med lågare damkonstruksjonar av omsyn til landskapsverknadane og at endring av inntakstype ikkje er eit vesentleg moment for konsesjonsspørsmålet.

6.3 Endre påhogg og trasé for tilløpstunnel og trykkroyr til Øvre Offerdal kraftverk

Endra trasé for tilløpstunnelen og trykkroyr til øver Offerdal kraftverk vil påverke delar av eit jordbruksområde på Skogli. Hellinga frå Skogli ned til kantsona langs Indre Offerdalselvi, der



rørtrasé er planlagt, er registrert som naturtypen slåttemark (vurdert som kritisk trua på norsk raudliste for naturtypar 2018). Slåttemarka på Skogli har tidlegare vore beitemark, men er dei siste 10 åra haldne i hevd ved slått.

Naturtypen vil i fylgje konsekvensutgreiinga bli påverka stort på kort sikt, og moderat til ubetydeleg påverka på lengre sikt.

Det følgjer av naturmangfaldlova § 53 at ein ved utøving av aktsemdsplikta etter naturmangfaldlova § 6 skal ta særskilt omsyn til førekomstar av utvalde naturtypar for å unngå degradering av utbreiing og økologisk tilstand. Innlemming i utvalde naturtypar inneber likevel ikkje vern eller forbod mot inngrep, men reglar om berekraftig bruk.

Etter NVE sitt syn vil det i dette tilfellet vere mogleg å ivareta lokaliteten i tilstrekkeleg grad gjennom mildnande tiltak. Vi føreset at inngrepa langs røygata ved Skogli blir avgrensa til eit nødvendig minimum, og at toppjord blir vareteken for tilbakeføring etter sluttarronding. Med desse avbøtande tiltaka, vil naturtypen på lang sikt bli moderat til ubetydeleg påverka. NVE meiner fordelane med den estimerte kraftproduksjonen for prosjektet på 95 GWh vegar opp for dei avgrensa ulempene for slåttemyra lang sikt, og tiltaket er følgeleg berekraftig.

6.4 Flytte stasjonsplassering for Øvre Offerdal kraftverk om lag 200 m oppstrøms

Øvre Offerdal kraftverk blir flytta om lag 200 m oppstrøms konsesjonsgjeve plassering som følgje av justert tunneltrasé og inntak til Nedre Offerdal kraftverk.

Stasjon (og inntak) vil komme noko nærare bygningane på Skogli, men samtidig mindre i synslinja ut av dalføret mot fjorden. Plassering ned mot og i elva vil gjere tiltaka mindre synlege frå garden.

Endringa vil gi ein auke i lengd på nye tilkøyringsvegar. Dette er hovudsakleg ved Skogli i samband med endra påhogg til tunnel frå Øvre Offerdal kraftverk og ny tilkomst til Øvre Offerdal kraftverk. Auka veglengd er ca. 600-700m. Det er ikkje registrert verdifulle naturtypar innanfor areal for framføring av veg eller langs elva ved plassering av inntakskonstruksjon og kraftstasjon.

NVE registrer at grunneigar på garden Fornabu utrykk bekymring over verknadene for garden og turismeaktiviteten/jakt ved ei utbygging. NVE ser at kraftverket og inntaket kjem nærare garden med planendringa, men og at plasseringa vil gjere tiltaka mindre synlege frå garden. Kraftstasjon er tenkt plassert med ei stor grad av skjerming inn i terrenget. Ved formålstenleg terrengforming og supplering av vegetasjonsbeltet langs elva vil eksponering frå kraftstasjonen ytterlegare begrenast. Som tidlegare nemnd så føreset NVE at tiltakshavar i detaljplan beskriv avbøtande tiltak.

NVE viser til kommentarane til høyringsuttalane frå tiltakshavar vedrørande frykt for at hjorten blir skremd og jakta blir skadelidande. Ut frå erfaringane frå andre utbyggingsprosjekt synest det som om hjorten ikkje vart så skremd som ein fryktar. Dersom det likevel skulle vise seg at arbeida fordriv hjorten, vil dette vere eit forhold av privatrettsleg karakter som må finne løysinga si mellom grunneigar og tiltakshavar gjennom ein avtale/skjønn.

6.5 Flytte inntaket frå kote 400 til kote 407 for Nedre Offerdal kraftverk

Elva oppstrøms nytt inntak er i fylgje konsekvensutgreiinga raskt strøymande, og substratet består i hovudsak av berg. Elvebredda er bratt, og det er tynt med kantvegetasjon. Det er lite potensial for gyting eller oppvekstområde for ungfisk. Når det gjeld fiskehabitat lokalt så er strekket til middels verdi.



Tiltaket vil kunne medføre avrenning til elva, men omfanget vil vere i same storleiksorden som for det konsesjonsgjæve. Ei vasstandsauke oppstraums på om lag 2 meter vil ha liten effekt då elva ligg i eit bratt juv. Planlagt vassføringsregime nedstraums til og med samløp med Mastrehauggrovi er uendra frå eksisterande konsesjon. Endringa vil i fylgje konsekvensutgreiinga gje ein ubetydeleg konsekvens for elva relativt til konsekvens ved gjennomføring av eksisterande konsesjon. Rådgivande biologar (2011) vurderte konsekvensen av eksisterande konsesjon i all hovudsak som liten.

Grunneigar på Hagane gard meiner flytting av inntaket kan gje flaumutfordringar for jordbruksarealet på garden. Tiltakshavar har berekna flaumstigninga som fylgje av inntaket ved dimensjonerande flaumvassføring 93 m³/s. Dei konkluderer med at inntakskonstruksjonen/dammen kan demme opp til øvre del av dyrkamarka på Skogli gard, dvs. omlag 240 - 250 meter nedstraums og 10 - 12 høgdemeter lågare enn elva under brua ved Hagane gard, og såleis på ingen måte påverke Hagane gard.

NVE meiner at det å flytte inntaket til Nedre Offerdal kraftverk om lag 200 m lenger opp i Indre Offerdalselva, ikkje medføre verknader som er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

6.6 Etablere svingesjakt ved Mastrahauggrovi

Ei etablering av svingesjakt ved Mastrahauggrovi vil medføre eit behov for 600 m oppgradering av eksisterande skogsbilveg. Konsekvensutgreiinga har ikkje avdekt at tiltaket kan påverke viktige/verdifulle naturtypar og det forventast ingen vesentlege følgjer. Eksponeringa vil vere svært lokal.

Ingen høyringspartar har kommentert dette tiltaket.

NVE meiner ev. negative verknader av oppgradering av vegen kan reduserast gjennom avbøtande tiltak og god detaljplanlegging. Tiltaket er ikkje avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

6.7 Flytte utløp frå avløpstunnel for Nedre Offerdal kraftverk med 500 m mot Årdalstangen

NVE viser til fagutgreiinga som konkluderer med at endringa vil ha ubetydeleg verknad på miljøtemaa. NVE viser og til oppklaringa frå tiltakshavar om Statsforvaltarens bekymring om endra salinitetsforhold i fjorden som følgje av flytting. NVE meiner flytting av utløpstunnelen for Nedre Offerdal kraftverk ikkje er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

6.8 Flytte utandørs transformatoranlegg ved påhogg kraftstasjon inn i fjell

NVE meiner dette vil innebere ei forbetring. Endringa er ikkje er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

6.9 Vurdering etter naturmangfaldlova

Alle myndighetsinstansar som forvaltar natur, eller som tek avgjerder som har verknader for naturen, pliktar etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere planlagde tiltak opp mot dei relevante paragrafane i naturmangfaldlova. I NVE si vurdering av søknaden om planendring for Offerdal kraftverk legg me til grunn prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 og dessutan forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Vurderinga er berre knytt til dei konkrete endringane i prosjektet og om dei er i konflikt med prinsippa og forvaltningsmål i naturmangfoldlova. For ei vurdering av dei nemnte prinsipp og



forvaltningsmål for det konsesjonsgjevne alternativet synar vi til NVE si innstilling av 26.06.2014, og kgl. res. av 24.04.2020, jf. NVE-sak 200805993-118.

I kapittel 5 fann vi at kunnskapsgrunnlaget i saka er tilstrekkeleg til at det ikkje er stor fare for vesentleg skade på naturmangfaldet. «Føre-var-prinsippet» i § 9 er difor ikkje aktuelt i her.

Ei eventuell utbygging av Offerdal kraftverk med søkte planendring vil etter NVE si meining ikkje vera i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gitt i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5, gitt avbøtande tiltak.

NVE har også sett på verknaden frå Offerdal kraftverk med søkt planendring i samheng med andre påverknader på naturtypane, artane og økosystemet. NVE kan ikkje sjå at endringane vil endre dei tidlegare vurderingane av samla belastning. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet har dermed vorte vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga av planendringane blir ikkje rekna som så store at ho blir avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil spesifiserast nærare i merknadene våre til vilkår dersom det blir gitt løyve til planendringa. Tiltakshavar vil då vera den som ber kostnadene av tiltaka, i tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12.

6.10 Vurdering etter vassforskrifta

Ny aktivitet eller nye inngrep skal vurderast etter vassforskrifta § 12. Den søkte endringa vil råke vassførekomstane 074-143-r Bekkefelt Årdalsfjorden nord, og er registrert med svært god økologisk tilstand og ukjent kjemisk tilstand. Tilstanden åleine tilseier svært stor verdi, men gitt at det ikkje er nokon særlege naturverdiar i form av artsmangfald i elva, blir verdien vurdert som middels.

Samanlikna med konsesjonsgitt løysing vil ikkje søkte planendring gje endringar i vassføring. Det er risiko for avrenning frå deponia og auka sedimentskonsentrasjon i vassdraget, men NVE ser det som lite truleg at tiltaket beskrive i endringssøknaden vil redusere vassdraget sin økologiske tilstand. Vi meiner derfor at det ikkje er behov for ytterlegare vurdering av krava i vassforskrifta § 12.

6.11 Anna forhold

Omgjering av massedeponi til jordbruksareal

Det er ønskeleg at massedeponiet ved Tolvmilskogen på Åsete gjerest om til jordbruksareal. Dette inneber at om lag 50 dekar skog med låg produktivitet vil bli opparbeidd til jordbruksareal. Dei reine massane frå anleggsarbeidet skal brukast som eit «tettelag» over sprengsteinsmassane for å tette holrom og bidra til å halde på fukta i jorda. NVE har oppfatta planendringssøknaden slik at ei flytting av massedeponi frå Skogli til Åsete berre er aktuelt dersom det kan etablerast jordbruksareal på tippet.

Standardvilkåra i ein vassdragskonsesjon krev at konsesjonæren må skaffe seg varig råderett over tippet.

NVE forhold seg til konsesjonær ved alle forhold som omfattar tipp og anna anleggsareal. Dette omfattar formgiving, revegetering, eventuelle seinare uttak og uventa skadar som måtte oppstå. Døme på slike skadar er utrasingar, erosjon, vassskadar og kombinasjonar av desse. Skadane kan oppstå mange år etter at tippet er ferdig revegetert. Dette medfører at konsesjonær må ha varig råderett så lenge det ligg tippmassar på arealet.



Dersom tippmassane blir fjerna og opphavleg terreng og vegetasjon gjenetablerast kan NVE gi løyve til at arealet blir tilbakeført tidlegare grunneigar eller andre. NVE vil tilrå at Offerdal kraftverk AS skaffar seg varig råderett gjennom erverv av dei aktuelle areala. Dette vil medføre at ein sikrar seg den nødvendige råderetten for å handtere både føresetje og uventa hendingar og NVE si eventuelle pålegg i så måte.

Ein varig råderett for konsesjonær kan vere ugunstig ved “dyrking” sett frå grunneigarens side. Det finst likevel døme på at tippareal og opparbeidd jordbruksareal har gått tilbake til grunneigaren, men då med klausul mot masseuttak (Lomen kraftverk i Vestre Slidre). Tilsvarande løysing kan vere aktuell i denne saka. NVE tilrår at den vidare prosessen vedrørende spørsmål om utforming og råderett over tippareal og opparbeidd jordbruksareal blir avklart i samband med detaljprosjekteringa.

Naturfare

Planendringssøknaden for Offerdal kraftverk har vurdert grunnforholda på nordsida av fjorden, ved Indre og Ytre Ofredal. Det blir konkludert med at det ikkje er behov for vidare utgreiing av endringssøkinga etter NVE rettleier 1/2019 «Tryggleik mot kvikkleireskred».



7. Oppsummering

Oppsummeringstabell for planendring av Offerdal kraftverk			
Tema	NVE sin vektlegging	NVE si vurdering	Mildnande tiltak
Prissette verknader			
Realisering av ny regulerbar kraftproduksjon	Stor	Planendringa er nødvendig for å få eit gjennomførbart prosjekt. Kraftverka vil produsere til saman 95 GWh/år.	
Ikkje-prissette verknader			
Landskap og friluftsliv	Stor	Flytting av deponi frå Skogli til Åsete vil gje positive konsekvensar for opplevinga av landskapet rundt Skogli.	Deponiet på Åsete skal tilpassast med bruk av stadeigne masser/alt. tilretteleggjast for jordbruksareal.
Terrestrisk naturmangfald	Middels	I tiltaksområdet for rørgata til Øvre Offerdal kraftverk er det registrert ei utvalgt naturtype. Denne vil bli påverka av tiltaket	Topplaget i røyrtraseen skal leggjast tilbake.
Akvatisk naturmangfald	Liten	Deponiet kan føre til avrenning og auka sedimentkonsentrasjon i vassdraget, som kan ha negative konsekvensar for naturverdiane der.	Deponiet etablerast rundt 25 m frå vassdraget for å minske ev. påverknad. I detaljplanen skal det presenterast ein plan for handtering av tunnelmassane for å redusere konsekvensane av avrenning.
NVE si samla vurdering/konklusjon:			
<p>Planendringa av Offerdal kraftverk inneber inga nye tiltak som samla sett vil gje meir negative konsekvensar i tiltaksområdet enn dei opprinnelege planane. Deponi i Åsete vil være eit nytt inngrep, men vil kunne nyttast til jordbruk etter ei omgjerding. NVE meiner at dei negative konsekvensane kan avgrensast tilstrekkeleg gjennom avbøtande tiltak. Etter vår vurdering veg dei positive konsekvensane opp for dei negative. Planendringa er nødvendig for å få realisert Offerdal kraftverk (Indre og Ytre), med ein produksjon på 95 GWh/år.</p> <p>Etter ei heilskapsvurdering av planendringssøknaden og dei føreliggjande utsegnene meiner NVE at fordelane ved planendringa er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassdragsreguleringslova § 5 er oppfylt. NVE gir Offerdal kraftverk AS løyve etter vassdragsreguleringslova § 3 til planendring av Offerdal kraftverk. Løyvet blir gitt på nærare fastsette vilkår.</p>			



8. NVE si vurdering av søknad etter energilova

Offerdal kraftverk AS har søkt om endringar i dei elektriske anlegga i Offerdal kraftstasjon.

Det gjeld følgande tiltak:

- I Nedre Offerdal kraftstasjon: to generatorar med yting 11 kV og omsetning 2x21 MVA og nødvendige høgspenningsanlegg.
- I transformatorstasjon i fjellhall i Nedre Offerdal: flytte transformator frå portalområde inn til kraftstasjonen, 132 kV jordingspole og nødvendige høgspenningsanlegg.

NVE kan ikkje sjå at desse endringane vil ha negative miljø- eller arealmessige konsekvensar. NVE har oppdatert anleggskonsesjon for dei elektriske anlegga knytt til Offerdal kraftverk AS, jf. NVE-ref. 202525950-2.

Anleggskonsesjon til Offerdal kraftverk, datert 9.4.2018, NVE-ref. 201503528-150 bortfaller herved.

NVE sine vurderingar av endringane i nettilknytning for øvrig, som Sygnir AS har søkt om, kjem fram av «Grunngjeving for vedtak for nettilknytning av Offerdal kraftverk», jf. NVE-ref. 202515816-4 .

9. Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassdragsreguleringslova

Det er vilkåra med merknadar i konsesjonen av 10.02.2017 som gjeld, med mindre anna er spesifisert her.

Post 7: Godkjenning av planar, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Denne posten er oppdatert i tråd med planendringane.

Detaljerte planar skal leggjast fram og godkjennast av NVE før arbeidet blir sett i gang.

Før utarbeiding av tekniske planar for vassvegen kan setjast i gang, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak gjort. Konsekvensklassen er bestemmande for tryggingsskrava som blir stilte til planlegging, bygging og drift og må derfor vere avklart før arbeidet med tekniske planar startar.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

Tabellen under angir forutsetningane som ligg til grunn for konsesjonen, som er endra i planendringa. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnde i dokumentet gjeld. Forutsetningar som ikkje er inkludert i tabellen er uendra i forhold til Kgl.res. 10.02.2017. Om ikkje anna er nemnt, gjeld alle føringar og krav i konsesjonen og departementets merknader.



NVE har gitt konsesjon med følgjande føresetnader:

	NVE sine forutsetningar
Inntak	Tyrollerinntak i Ytre Offerdalselvi og Nedre Offerdalselvi plasserast slik det er beskrive i endringssøknaden, men nøyaktig plassering kan justerast ved detaljplan.
Røyrgate	Røyrgate skal leggjast slik det er oppgjeve i endringssøknaden, men nøyaktig plassering kan justerast ved detaljplan. Topplaget i røyrtraseen skal leggjast tilbake.
Tunnelpåhugg	Tunnelpåhugg plasserast i Ytre og Indre Offerdalen slik det er oppgjeve i endringssøknaden.
Kraftstasjon Øvre og Nedre Offerdal	Kraftstasjonane skal plasserast slik som beskrive i søknaden, men nøyaktig plassering kan justerast ved detaljplan.
Deponi	Deponi Åsete består av 200 000 m ³ masse, og plasserast i terrenget på Åsete, slik som beskrive i endringssøknaden. Om det ikkje etablerast dyrkingsjord på deponiet som planlagt, så skal det så godt som mogleg revegeterast med stadeigne massar. Plassering av deponiet kan justerast ved detaljplan.
Vegar	Plan for opprusting av eksisterande skogsbilveg til svingesjakt ved Mastrahauggrovi skal leggjast fram i detaljplanen.

Dersom det ikkje er oppgitt spesielle føringar i tabellen ovanfor kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 9: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tek den nødvendige kontakten med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle aktsemdsplikta med krav om varsling av aktuelle instansar dersom det blir støytt på kulturminne i byggjefasen, jamfør kulturminnelova § 8.

Post 10: Forureining

Saker i samband med dette vilkåret høyrer til under Statsforvaltaren i Vestland. I ei eventuell anleggfsfase vil etablering av inntak og deponi kunne føre til noko forureining av vassdraget nedstraums. Konkrete tiltak for å hindre eller redusere forureining i anleggsperioden skal inngå i detaljplanen. Utvasking av sprengstoffrestar og skarpe partiklar frå deponia kan ha negative konsekvensar for fisk. Gjennom detaljplanlegginga må ein sjå på plassering av deponi og eventuelle avbøtande tiltak for å minimere slike konsekvensar.

Offerdal kraftverk as fekk løyve til utslepp av drifts- og drensvatn i samband med bygging av Offerdal kraftverk 24. november 2020. Med heimel i forureningslova § 18, jf. § 16 har Statsforvaltaren 1. desember 2025 endra dette løyve i tråd med planendringa (endra



massedeponi). Dei har samstundes gjort unntak frå forureiningslova § 32 første ledd og gitt løyve til utfylling med overskotsmassar i Årdalsfjorden.